

Radøy kommune
Teknisk forvaltning
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 Valestrandsfossen
Telefon: 56 39 00 03
Telefaks: 56 19 11 30
E-post: post@arkoconsult.no
www.arkoconsult.no

Dykkar ref.:
18/387

Vår ref.:
Lena Lekve

Dato:
29.08.2018

OPPHØYR AV ANSVARSRETT, MELDING OM ENDRING AV ANSVARSRETT, OG SØKNAD OM LØYVE TIL IGANGSETTING FOR RESTERANDE DELAR AV TILTAKET VED GBNR. 77/81 I RADØY KOMMUNE.

Det vert med dette meldt om opphøyr og endring av ansvarsrettar, samt søkt om løyve til igangsetting for resterande delar av tiltaket på gbnr. 77/81 i Radøy kommune.

Tiltakshavar er Helland Eiendom & Invest As. Tiltaket består i oppføring av tomannsbustad på tomt 4 på gbnr. 77/81.

1.Opphøyr av ansvarsrettar.

Det vert meldt om opphøyr av ansvarsrett for ansvarleg søkjar ved Terje J. Ledahl AS. Sjå vedlagt skjema, signert av Ledahl.

Ledahl har søkt om og fått innvilga rammeløyve, samt igangsetting for graving, sprenging, oppfylling og planering 25.04.2018, jf. saksnr. 18/130. Opphøyet av ansvarsretten før ansvarsområdet er ferdigstilt, skjer som ein følgje av at nytt føretak overtar rolla som ansvarleg søkjar for søknad om løyve til igangsetting for resterande delar av tiltaket.

2.Melding om endring av ansvarsrett.

Det vert meldt om endring av ansvarsrett for ansvarleg søkjar, for søknad om løyve til igangsetting for resterande delar av tiltaket, jf. vedlagt skjema signert av tiltakshavar.

Terje J. Ledahl AS, org.nr. 946 696 765, vert erstatta av Arkoconsult AS, org.nr. 918 269 665. Sjå vedlagt erklæring om ansvarsrett for Arkoconsult AS. Arkoconsult AS har sentral godkjenning som dekkjer nemnte ansvarsområde.

Grensesnitt mellom føretaka har eit klart skilje. Ledahl har søkt om og fått innvilga rammeløyve, samt at det er gitt løyve til igangsetting for graving, sprenging, oppfylling og planering. Arkoconsult overtar rolla som ansvarleg søkjar for neste steg i søknadsprosessen, og søkjer om løyve til igangsetting for resterande delar av tiltaket. Då det skal utarbeidast ein eigen søknad for løyve til igangsetting for resterande delar av tiltaket, er det ikkje tvil om kvar grensesnittet mellom dei to føretaka går.

Sjå oppdatert gjennomføringsplan i vedlegg G-1.

3. Søknad om løyve til igangsetting for resterande delar av tiltaket.

3.1. Status på byggesak 18/380.

Det er gitt rammeløyve for tiltaket 25.04.2018, samt løyve til igangsetting for graving, sprenging, oppfylling og planering, jf. saksnr. 18/380.

3.2. Nabovarsling.

Tiltaket er nabovarsla i si heilskap ved nabovarsel av 26.10.2017, jf. skildringa «bygging av tomannsbolig med parkeringsplasser i grense mot nabo [...]».

3.3. Ansvarsrettar.

Det er henta inn erklæring om ansvarsrett frå ansvarlege prosjekterande, utførande og kontrollerande føretak. Vidare har ansvarleg søkjar mottatt samsvarserklæringar for prosjektering av alt arbeid, der føretaka har opplyst at det ikkje står att arbeid til hinder for å kunne søke om igangsettingsløyve. Sjå ansvarsrettar og oppdatert gjennomføringsplan i vedlegg G-1-6.

3.4. Søknad om løyve til tilknytning til offentleg nett.

Ansvarleg utførande røyrleggjar har søkt om tilkopling til offentleg nett. Sjå vedlegg Q-1.

3.5. Frådeling av tomt.

I rammeløyve av 25.04.2018 er det stilt vilkår om at tomta må frådelast før det vert gitt løyve til igangsetjing for resterande delar av tiltaket. Delingsløyve for gbnr. 77/81 vart gitt 22.08.2018, jf. ref. 18/2031.

4. Andre forhold.

Det vert elles vist til tidlegare innsendt søknad og rammeløyve til tiltak av 25.04.2018.

Dersom det skulle vera behov for ytterlegare informasjon i høve saka, ta gjerne kontakt med underteikna.

Venleg helsing/Best Regards



Lena Lekve

Jurist, Byggesak

Direkte: +47 95963006 | Felles: +47 56390003

Faks: +47 56191130

E-post: lena@arkoconsult.no

